



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 21.02.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:15 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Arthur Reidar Sjursen
Bjarte Dyrkolbotn	H	Atle Nordland
Astrid Daae Kristiansen	H	Bjarte Andvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2019	Godkjenning av møtebok
003/2019	Randkommunesamarbeid. Oppgåvefelleskap rekneskap og løn. Tilslutning til vidare utgreiing.
004/2019	Søknad om midlar til punktutbetringar hjå Hordaland fylkeskommune til fysiske tiltak langs fylkesveg - 2019
005/2019	Referatsak
1	Protokoll Regionråd 1-2019, fredag 25. januar
2	Årsmelding 2018l - Kontrollutval
3	Møteprotokoll - Kontrollutval Masfjorden 14. februar 2019
4	INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE - REVIDERT TILSYNSRAPPORT, ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR M.V.
5	TILSYNSSAK AVSLUTTA - SANDNES BARNEHAGE
6	Presentasjon PPT og oppfølging forvaltningsrevisjon
7	Nytt frå NAV vestland
8	Kostnadsoppstilling etablering øvingsfelt Sløvåg
9	Driftsbudsjett 2019 BERIVEST AS
10	Årsrapport 2018
11	Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Masfjorden kommune
001/2019	Orientering frå rådmann
12	Tekst vedtak utskrivning eigedomsskatt 2019
006/2019	Slutthandsaming - forvaltningsrevisjon - Kommunen som skuleeigar

001/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Det vart gjort framlegg om Wenche Dåe (Sp) og John Torsvik (H) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 001/2019 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2019: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmannen viste til utdelt skriv som gjeld sak KS - 065/2018 og bad om at det vart gjort ei endring i vedtaket i denne saka. Endringa gjeld pkt 6 i denne saka som no vert slik:

6. For eideomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eideomsskatt «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», jfr. eideomsskatteleva (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar og flytende oppdrettsanlegg i sjø, jfr. esktl. § 4 tredje ledd.

For eideomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eideomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samsvar med overgangsregelen til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eideomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.

For eideomsskatteåret 2019 skal det vidare skrivast ut eideomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eideomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eideomsskatteleva §§ 3 og 4 andre ledd

Den alminnelege skattesatsen for eideomsskatt i skatteåret 2019 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.»

Takseringsarbeidet fortsett i 2019 med sikte på utviding til næringsseigedom, jf. esktl. § 3 bokstav d, og alminnelig taksering med verknad frå 2020.

Eideomsskatten blir utskriven i 4 terminar, jf. esktl. § 25, første ledd.

Framlegg til vedtak, med endringa i vedtak i sak KS - 065/2018, vart samrøystes vedteke.

KS - 002/2019 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyremøtet 13.12.18, med endringa i vedtak i sak KS - 065/2018 som gjort greie for i møtet, vert godkjend.

003/2019: Randkommunesamarbeid. Oppgåvefelleskap rekneskap og løn. Tilslutning til vidare utgreiing.

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune ønskjer å delta i den vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn.

11.02.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - 010/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune ønskjer å delta i den vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn.

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 003/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune ønskjer å delta i den vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn.

004/2019: Søknad om midlar til punktutbetringar hjå Hordaland fylkeskommune til fysiske tiltak langs fylkesveg - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 004/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune søker om tilskot til punktutbetringar på strekninga Mjanger – Hope langs fylkesveg 570 , slik det er lagt fram i saka.

Masfjorden kommune vil medfinansiere prosjekta avgrensa til maksimum 20 % av tilskotssummen.

Det vert vist til kart dagsett 15.02.2018.

005/2019: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Grunngjeve spørsmål:

Jon Hope (KrF) stilte følgjande spørsmål:

Ungdomsråd.

KrF hadde 27.04.17 ein interpellasjon i kommunestyret om oppretting av ungdomsråd, og fekk positiv tilbakemelding om at arbeid med å få det på plass, skulle setjast i gang. Og på spørsmål seinare har ein fått inntrykk av at det har vore arbeidd med saka.

No ser me i avisene at ungdomsråd i fleire kommunar i Nordhordland og Gulen har vore aktive, og teke opp aktuelle saker. Men me har ikkje registrert at ungdomsrådet i Masfjorden har kome i funksjon.

Difor stiller me desse to spørsmåla:

Er ungdomsrådet i Masfjorden konstituert? Og dersom ikkje, kva har administrasjonen tenkt å gjera for å leggja til rette for at ungdomsrådet skal kunna koma i gang?

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen svara at ein snarast rå er skal kalle inn til eit konstituerande møte i ungdomsrådet

Spørsmål i møtet:

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) bad om at sak om vindmøller i Masfjorden kom opp på neste kommunestyremøte i mai. Eit samla kommunestyret slutta seg til dette forslaget.

Ordførar førelø å invitere inn aktuelle aktørarar i vindmølleutbyggina til å presentere sin ståstad for kommunestyret. Eit samla kommunestyre slutta seg og til dette forslaget.

Referatsakar:

Skriv 1: Protokoll Regionråd 1-219, fredag 25.januar

Masfjorden kommunestyre sluttar seg samla til tilrådinga frå Statens vegvesen om at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1i Nordhordlands-pakken i tråd med endringa i takstretningslinjene og lokalt vedtak i fylkeutvalet.

Skriv 2: Årsmelding 2018 - Kontrollutval

Skriv 3: Møteprotokoll - Kontrollutval Masfjorden 14.februar 2019

Skriv 4: Indre Masfjorden barnehage - revidert tilsynsrapport, etter forskrift om miljøretta helsevern

Skriv 5: Tilsynssak avslutta - Sandnes barnehage

Skriv 6: Presentasjon PPT og oppfølging forvaltningsrevisjon

Skriv 7: Nytt frå NAV vestland

Skriv 8: Kostnadsoppstilling etablering øvingsfelt Sløvåg

Skriv 9: Driftsbudsjett 2019 BERIVEST AS

Skriv 10: Årsrapport 2018

Skriv 11: Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Masfjorden kommune

Skriv 12: Tekst vedtak utskriving eidegdomsskatt 2019

Orientering frå ordførar:

Det vert sett opp ei ekstra kommunestyremøte mandag 25.mars

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 005/2019 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

001/2019: Orientering frå rådmann

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Orientering frå rådmannen

- Rekneskapen 2018, hovudtal etter kostra rapportert rekneskap pr 19.2, og vegen vidare for rekneskapen 2018 med revidering og politisk handsaming i ku, formannskap og kommunestyre.
 - Saldert budsjett 2019, Økonomiplan og handlingsplan 2019-2022
 - Kraftsaker/kraftinntekter/kraftmelding pr. utgangen av des. 18
 - Etablering av ungdomsråd
-

006/2019: Slutthandsaming - forvaltningsrevisjon - Kommunen som skuleeigar

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga til vitring og ser saka som avslutta.

21.02.2019 KOMMUNESTYRET

Leiar for PPT Ytre Sogn og Sunnfjord Berit Louise Bjørnsen og oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og begge presenterte arbeida sine med å lukke avvika i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 006/2019 VEDTAK:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga til vitring og ser saka som avslutta.

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 21.02.19 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Wenche Dåe
kommunestyremedlem

John Torsvik
kommunestyremedlem